

KARTLEGG AREALA I KULTURLANDSKAPET PÅ LYGRA

Kartlegg areala i kulturlandskapet på Lygra

Nettverk for miljølære, Vannprogrammet: A7 Kartlegg areala langs sjø eller vassdrag.

Avgrensa området

Klassen gjer registreringar innafor arealet på det vedlagte kartet. Det kan vera lurt å dela klassen inn i grupper på 2-3 elevar og la dei kartleggja i kvar sin del av området.

Føremål:

- Kartleggja kva for nokre typar areal som finst i kulturlandskapet på Lygra.
- Beskriva arealfordelinga og drøfta kva som har sett sitt preg på området.
- Verta bevisst samanhengen mellom natur og samfunn og få innsikt i korleis menneske påverkar og endrar naturgrunnlaget.

Utstyr:

Kart (økonomisk kartverk eller vedlagt kart), reguleringsplan eller kommuneplanen sin arealdel, skrivesaker.

	Kategoriar
Lynghei	ung lynghei (nyleg brent), lynghei, gamal lynghei, grashei
Skog	barskog (gran og furu), lauvskog (edellauvskog, oreskog), blandingsskog
Jordbruksområde	åker, eng, beiteland og anna kulturmark
Vatn eller våtmark	bekk, elv og innsjø, fjord og hav, myr, elvedelta og liknande
Strandområde	svaberg, klipper, rullesteinsstrender, strandenger og liknande
Bygningar	bolighus (våningshus), løe, smie, gardflor, moldhus, torvhus, naust
Faste kulturminne	gravhaugar, kolmiler, steinaldarbuplass, hustufter/ruinar
Trafikkareal	vegar, parkeringsplassar, hamneområde
Anna	badeplassar, fiskeplassar og liknande

Forklaring av lynghei kategoriar

• *I ung lynghei(nyleg brent)* står det opp mange gråsvarte røsslyngkvister som ikkje har brent fullstendig opp. Vegetasjonen er dominert av urter, gras og lyngvokstrar. Ung, låg (5 cm) røsslyng finst, men dominerer ikkje. Einstape (bregne) kan dominera slike område fullstendig frå juni - september.

• *I lynghei* er det mest kortvokst røsslyng (5 - 15 cm), med innslag av gras og urter.

• *I gamal lynghei* dominerer røsslyng. Planten er meir forveda/grovvaksen og er høgare enn 15 cm. Mosesjiktet er godt utvikla. Klokelyng, tytebær og blåbær er vanleg, men det er lite gras og urter i feltsjiktet.

• *Grashei* er karakterisert av at gras og urter dominerer. Det er lite eller ingen lyng. Einstape kan dominera på god, djup jord.

Diskusjonsoppgåver:

- Sjå på det historiske samspelet mellom menneske og natur: Kva for rolle har naturprosessane spela, og korleis har menneska prega området?
- Ved å samanlikna skulen sitt arealkart med kommuneplanen sin arealdel, eventuelt reguleringsplan, kan elevane sjå om dagens arealbruk stemmer med dei planane som er vedtatt for området. Samtidig kan dei få kunnskap om fargekodane og arealbrukskategoriane som vert nytta i kommunal arealplanlegging.
- Korleis vil llynghieiane sjå ut om 20 år dersom dei framleis vert brukte aktivt? Kva skjer dersom området vert liggjande ubrukt eller om beitet vert intensivert, eller ein tar til å gjødsle området? Korleis og i kva for nokre område ville de slå lyng, svi av lyng og beita?
- Kvifor ligg bygningane der dei ligg? Er det historiske grunnar, er det tilfeldig eller er det bevisst planlegging bak plasseringa? Har nærliken til vatn eller sjø hatt noko å seia?

Visste du at?

- Areala med llynghei på kontinentet har minka med 80% sidan 1900.
- Dei viktigaste årsakene til at llynghieiar forsvinn i Noreg, er gjengroing og skogplanting.
- Llynghieiar må haldast i hevd ved heilårssbeite og lyngsviing. Opphøyrer denne bruken, gror dei til med buskar og tre og til slutt skog.

Fleire aktivitetar i Lygrapermen:

Kartlegg strandtypar, Plantelivet i llynghieia.

Nettverk for miljølære:

<http://www.miljolare.no/>



På Ytre Lygra ligg det fem gardsbruk.

Registrera arealfordelinga

Beskriv arealfordelinga i området ved å nytta eit kart over området i kombinasjon med eigne observasjonar ute i terrenget.

Observasjonar teiknar de direkte inn på kartet (vedlagt).

Vel kategoriar som passar for området (sjå tabellen ovanfor), og vel kor detaljert registreringa skal gjerast. Ofte kan det vera greitt å starta med ei grovinndeling (lynghei) og heller dela inn i undergrupper (grashei, ung og gammal llynghei) etter kvart.

Detaljeringsgraden bør ikkje vera større enn at ein lett kan danna seg et heilskapleg bilet av kva for nokre typar areal som finst i området og korleis dei vert brukte.

Teikn inn på kartet dei valde kategoriane med ulike fargekodar.

Fyll ut registreringsskjema ved å skriva opp dei arealtypane som finst i området. Med "mykje" meiner vi at arealtypen dekkjer meir enn 1/4 av området, medan «litt» tyder at arealtypen dekkjer mindre enn 1/4,. Skjema kan sendast til nettverk for miljølære.

Kart over Ytre Lygra. Kart PEK. Samme som i "Plantelivet i llynghieia".

Kartlegg areala langs sjø og vassdrag

A7	
Deltakarnr.	
Områdenr.	
Einingsnr.	
Dato	